



## INNLEIING

Året 2024 er historie, og vi ser attende på eit år med god drift på alle einingar. Personalsituasjonen har vore stabil, og vi gler oss over både tilsette og frivillige som står på i helg som i kvardag. Som tilsett i kyrkja møter ein mange menneske i ulike aldrar og i ulike situasjonar, frå djup sorg til stor glede. Livet er mangfaldig, og vi får vere der for andre. Det gjev mening.

Statistikken for Den norske kyrkje på landbasis syner at fleire søker til gudstenester og aktivitetar som kyrkja driv og at fleire unge melder seg inn. I Stad ser vi ein auke i tal døypte, konfirmerte og vigde, og vi gler oss over mange deltakarar på gudstenester og ulike tiltak for barn- og unge, diakonale tiltak og kyrkjemusikalske arrangement. Fellesskapet i kyrkjelydane er viktig for mange.

2024 vart og året med eit litt strammare driftsbudsjett kombinert med høg pris- og lønsvekst. Då er det viktig å finne kreative løysingar og setje inn tiltak som får budsjett i balanse. Enøk-tiltak er svært viktige, ikkje berre for driftsresultat, men og for miljøet. Inntekter på cruiseturisme vart testa ut med gode resultat. Barn, unge, eldre og menneske som har det vanskeleg må aldri vere salderingspost. Å få fleire tilsette innan diakoni og kyrkjeleg undervisning og læring er eit viktig mål for oss.



Å få vere med å skape noko er ei grunnleggjande drivkraft i oss menneske og noko som gjer det meningsfullt å vere i arbeid. 2024 er året då det vart gjort store investeringar, takka vere nye investeringsmidlar frå kommunen. Leikanger kyrkje vart totalrenovert og Leikanger kyrkjegard fekk nytt driftsbygg. Det er noko eige ved å følgje eit byggeprosjekt eller renoveringsprosjekt frå start til slutt og sjå prosjektet ferdig, til glede for mange.



Frå jubileumsgudstenesta 2.juni i Moster amfi under 1000-årsmarkeringa for Kristenretten.  
Frå <https://moster2024.no/minner>

2024 vår og året for dei store jubilea. Kristenretten, innført av Olav Haraldsson i 1024, har prega lovene og landet vårt i 1000 år. Dette vart markert med ei storstilt jubileumsfeiring i Mosterhamn i mai-juni, der underteikna fekk vere med. Kristenretten førte til at mektige menn ikkje lenger kunne gjere som dei ville. No måtte konflikhtar løysast gjennom lov og rett, ikkje hemn. Kvinner og fattige fekk nye rettar, og barn kunne ikkje settast ut for å døy. Desse endringane var motivert av budskapet i den kristne trua, at kvart enkelt menneske er skapt av Gud. Jubileet var viktig både for kyrkja og samfunnet vårt.

Krig, uro og ein spent verdssituasjon har prega oss i 2024. I slike tider søker vi det som gjev tryggleik og mening. Kyrkja har vore her for generasjonar i over 1000 år. Kyrkja er her enno.

Synnøve Smørðal Wiik, kyrkjeverje

## FELLESRÅD OG PERSONALE

### Fellesrådet

Fellesrådet har i 2024 vore samansett slik:

Eid sokn: Knut-Tore Nes Hjelle	Pers. vara: Jens Petter Håvik
Stårheim sokn: Ole Martin Rafshol	Pers. vara: Johannes Nome
Kjølsdalen sokn: Torfinn Myklebust, leiar	Pers. vara: Svein Petter Starheim
Totland sokn: Torill Lysberg Heggedal	Pers. vara: Jonfinn Hole
Selje sokn: Stein Robert Osdal. Frå 01.08: Tone Helen Sandnes Røyset	Pers. vara: Tone Helen S. Røyset Pers. vara: Elisabeth Henriksen
Leikanger sokn: Leif Johnny Prestvik, nestleiar	Pers. vara: Dagfinn Stave
Ervik sokn: Åge Ervik	Pers. vara: Jan Petter Hoddevik
Stad kommune: Paul Jacob Helgesen	Pers. vara: Lars Helge Hopland
Bjørgvin bispedøme: Mari Saltkjel	Pers. vara: Tore Myklebust

Fellesrådet har hatt 5 ordinære møter og eit teams-møte. Fellesrådet har handsama 53 saker i 2024.

Viktige saker utanom budsjett, rekneskap, investering og drift, har vore momskompensasjon, lønspolitisk plan, gåvereglement, delegeringsreglement, cruiseturisme og nye betalingsattsar.

### Underutval i fellesrådet

#### **Kyrkjeleg administrasjonsutval (partsamansett utval, ADMU):**

Fellesrådet sine faste representantar: Torfinn Myklebust, Stein Robert Osdal og Torill Heggedal. Frå 01.08 kom Leif Johnny Prestvik inn for Stein Robert Osdal. Vararepresentant: Knut Tore Nes Hjelle. Tilsette sine representantar: Nanda Maack og Arne Kjøllesdal med Asbjørn Eikenæs og Håvard Furnes som vara. Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2024.

#### **Arbeidsutval (AU):**

Torfinn Myklebust, leiar, Leif Johnny Prestvik og Torill Lysberg Heggedal. Arbeidsutvalet har hatt fem møte i 2024.

Kyrkjeverja er sekretær for fellesrådet og utvala.

## Personale

<b>Administrasjon:</b>		
Kyrkjeverje	Synnøve Smørdal Wiik	100%
Assisterande kyrkjeverje	Nanda Maack	20%
Sekretær	Marta Jenny Elvebakke	70%
<b>Gravplass:</b>		
Kyrkjegardsarbeidar, fagleiar	Arne Johan Kjøllesdal	100%
Kyrkjegardsarbeidar	Per Røyset	100%
Kyrkjegardsarbeidar	Lidvar Magne Aasen	Timebasis ca. 75%
Kyrkjegardsarbeidar	Håvard Furnes	25%
Kyrkjegardsarbeidar	Knud Erik Villumsen	40% frå 01.09 (vikar)
Gravstellansvarleg	Solveig Haugan	Timebasis, gravstell
<b>Anna kyrkjeleg verksemd:</b>		
Kyrkjelydspedagog	Eline Sandnes	80%
Kyrkjelydspedagog	Asbjørn Eikenæs	20%
Rådgjevar, kyrkjelydsarbeidar	Magni Myklebust	20%
Diakoniarbeidar	Nanda Maack	80%
Kyrkjelydsarbeidar	Jenny Kristin Myklebust	20%
Ungdomsarbeidar	Håvard Furnes	50%
<b>Kyrkje:</b>		
Kantor	Ralph Cupper	100%
Organist	Jon Inge Sigerland	100%
Organist	Ingvard Sundal	20%
Kyrkjetenar Eid og Stårheim	Astrid Seljeseth	70%
Kyrkjetenar Heggjabygda	Stian Andre Hundeide	6% til 01.09
Kyrkjetenar Kjølledalen	Randi Heggheim	15%
Kyrkjetenar Selje	Jenny Kristin Myklebust	30%
Kyrkjetenar Totland	Heike Wallack	Timebasis (ca 10%)
Kyrkjetenar Leikanger	Helge Borgund	Timebasis (ca. 10%)
Kyrkjetenar Ervik	Marita Aarvik	10%
Fagleiar kyrkjebygg	Håvard Furnes	25%
<b>Ekstrahjelp/ferievikarar:</b>		
Gravplass	Samuel Fiskarstrand	
Gravplass	Henriette Hals	
Gravplass	Renate Hals	
Gravplass	Magnus Ivesdal	
Gravplass	Sigbjørn Ivesdal	
Gravplass	Håkon Stave	
Gravplass	Mari Oline Wiik	
Diakoni/trusopplæring	Karin Cupper	
Diakoni/trusopplæring	Kine Mullen	
Nattkafe	Amandus Vidnes	

**Prestetenesta (tilsette i Bjørgvin bispedømme):**

Mari Saltkjel er prost i Nordfjord. I Ervik, Leikanger og Selje er Synnøve Aaberg sokneprest (under utdanning). Rune Langseth har vore sokneprest i Totland og Kjølsdalen og Olav Sigurd Gundersen sokneprest i Eid og Stårheim.

**Kyrkje og gudsteneste:**

Ralph J. Cupper er kantor i Eid, Stårheim, Kjølsdalen og Totland i 100% stilling. Jon Inge Sigerland er organist i Selje, Leikanger og Ervik i 100% stilling. Ingvard Sundal er tilsett som organist i 20% stilling for å avløyse Ralph Cupper i feriar og frihelger. Det er faste kyrkjetenarar i alle kyrkjene i Stad. Håvard Furnes er tilsett i ei 25% stilling som Fagleiar kyrkjebygg med særleg ansvar for tilsyn og vedlikehald av kyrkjene.

**Gravplass:**

Per Røyset, Arne Kjøllesdal, Lidvar Aasen og Håvard Furnes tek seg av den daglege drift av gravplassane i Stad saman med tilsette i administrasjonen. Knud Villumsen vart tilsett som vikar. Arne Kjøllesdal er fagleiar for dei tilsette i tenesteområde Gravplass. Solveig Haugan er tilsett i eit engasjement på timebasis for planting og stell av dei gravene som har slike avtalar.

**Anna kyrkjeleg verksemd:**

Eline Sandnes har hovudansvaret for trusopplæringa i Stad og arrangerer og deltek på fleire tiltak som t.d. Lys vaken, Tårnagent, Babysong og Laurdagsgraut. Ho har og sidan hausten 2022 hatt ansvar for konfirmantarbeidet i Stad.

Nanda Maack har i tillegg til å vere assisterande kyrkjeverje hatt ansvar for å utarbeide felles diakoniplan for SKF og for å gjennomføre diakonale tiltak i heile kommunen. Ho har og delteke i trusopplæringa og m.a. drive nattkafé for ungdom i Selje og på Nordfjordeid og Soul Children i ytre.

Magni Myklebust er tilsett på timebasis innan trusopplæring og fellesskapsutvikling. Ho har m.a. hatt hovudansvar for babysongen på Eid kyrkjetun, laurdagsgrauten i Eid, Eid Soul Kids/Children, og ho er med i teamet for kveldsgudstenestene og deltek på andre gudstenester.

Jenny Kristin Myklebust er assistent i trusopplæringa og vore med på ulike tiltak. Ho har og hatt ansvar for barnelaget i Nordpollen og m.a. vore med på nattkafeane.

Asbjørn Eikenæs deltek i trusopplæringsarbeidet i 20% stilling. Asbjørn er ein stor musikalsk ressurs både ved Stårheim Barnekor, Eid Soul Kids/Children og Babysong – i tillegg til andre oppgåver der musikalsk medverknad er ønskjeleg, som kveldsgudstenestene i Eid kyrkje.

Håvard Furnes er tilsett som ungdomsarbeidar i ei 50% stilling der han m.a. skal drifte nattkafeen på Eid, samt utvikle og gjennomføre andre tiltak for ungdom.

**Administrasjon:**

Marta Elvebakke er 70 % sekretær for kyrkjeverje, tilsette i fellesrådet og prestane. Nanda Maack har ei 20% stilling som assisterande kyrkjeverje. Kyrkjeverje er tilsett i 100%.

## Arbeidsmiljø, HMS og personalarbeid

Det har og i 2024 vore fokus på arbeidsmiljøet. Det har vore arrangert tre stabsdagar for alle tilsette inkludert prestane. Det har vore ulike tema på desse samlingane, nokre felles og nokre for dei ulike faggruppene, der kyrkjevevja og andre tilsette har stått for innhaldet. Det vart arrangert ein blåtur i august 2024, med besøk i Gimmestad gamle kyrkje og Nesholmen leirstad. I kyrkja fekk vi orientering av Olaf Sigurd Gundersen og konsert av Steinar Engelbrektsson. På Nesholmen fekk vi eit føredrag av Andreas Tjomsland om «Kyrkje- og vekkingsliv på Nordvestlandet 1850-2024». Det var medarbeidarsamling for alle tilsette i Nordfjord prosti 24.10 i Davik, i samband med bispevisitasen i Bremanger. Staben og medleamar i fellestrådet var og samla til ei felles adventssamling i Skrivergaarden 19. desember, der ein mellom anna markerte at Olaf Sigurd Gundersen avslutta si teneste som sokneprest i Eid og Stårheim.

Det er faste stabsmøte på kyrkjekontora i Eid og Selje annan kvar veke på kvar plass. Det har og vore nokre felles stabsmøter utanom og tilsette besøker kvarandre sine stabsmøter ved behov. Kyrkjevevja har delteke på møter både i Eid og Selje og prøver å vere på kontoret i Selje ein dag i veka. Assisterande kyrkjevevja har særleg ansvar for staben i ytre. I tillegg til faste stabsmøter og andre planleggingsmøte, samlast dei ulike faggruppene seg fleire gongar ilar året.

For å sikre eit godt arbeidsmiljø har det og vore gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette våren 2024. Fast tema på desse samtalane er m.a. trivsel og samarbeid. Det god trivsel og eit godt samarbeidsklima mellom tilsette i Stad kyrkjeleg fellestråd. Kyrkjevevja har dette året og brukt mykje tid på samtalar med dei tilsette utanom medarbeidarsamtalane. Ein viktig aktør for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø er verneombodet. Arne Kjøllesdal vart valt som verneombod for fellestrådstilsette i 2023. Arbeidet med å få på plass gode HMS-rutinar og internkontroll har og vore i fokus dette året. Fellestrådet kjøper tenester frå Bedrifthelse1 som hjelper oss i arbeidet med å sikre helse, miljø og tryggleik.

Fleire tilsette har delteke på ulike webinar, kurs og fagsamlingar. Ein kyrkjegardsarbeidarar har fullført eine modulen i Gravplasskolen. Ein kyrkjetenar har teke to modular i Kirketenerskolen. Fem av seks kyrkjetenarar deltok på Fagdagar for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar i Bjørgvin og to tilsette i trusopplæringa deltok på Fagdagar undervisning i Bjørgvin. Nanda Maack starta hausten 2022 opp med deltidsstudie i Master i Diakoni ved VID/MF og har i 2024 teke 30 studiepoeng i diakoni. Kyrkjevevja deltek på Master i verdibasert ledelse ved VID og har i 2024 teke 5 studiepoeng i Forvaltningsøkonomi.

Det er eit godt samarbeid mellom dei tilsette på tvers av dei to kontorfellesskapa og dei ulike yrkesgruppene. Det er ein stor fordel er at tilsette kan avløyse kvarandre ved sjukdom, ferier og anna fråvær. Vi opplever å vere ein stab der ein kan utveksle både erfaring og fagkompetanse med kvarandre. I likestillingslova § 1a er det nedfelt at offentleg verksemd skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna. Arbeidsgjevar skal arbeide aktivt for dette innafør si verksemd. Ved utgangen av 2024 var det 21 faste tilsette i Stad kyrkjelege fellestråd, 11 kvinner og 10 menn. Tel ein med prestane er det 12 kvinner og 12 menn. Mangfaldet i staben er godt ivareteke med stort aldersspenn, ulik utdanning og ulik etnisk bakgrunn.

## GRAVPLASS

Som gravplassforvaltar i Stad kommune ynskjer vi at alle gravferder vert gjennomførte på ein trygg og verdig måte, i samarbeid med gravferdsbyrå og dei pårørande. Vi ynskjer att gravplassane skal vere fint stelte og ein god plass å vere for besøkjande.



Stad kyrkjelege fellestråd driftar og forvaltar 11 gravplassar inkludert ni verkstad- og servicebygg. I 2024 var det 85 gravlagde i Stad. Det er brukt ein god del midlar i 2024 til oppgradering av utstyr på gravplassane våre, som m.a. innkjøp av nytt slåttestyr og snøfres.

Jf. Gravplasslova skal det gjennomførast eit fellesmøte om gravferd for alle trus- og livssynssamfunna i Nordfjord. Dette er eit samarbeid mellom alle fellestråda i Nordfjord der alle kyrkjeverjene deltek. Møtet vart gjennomført i januar.

**Heggjabygda kyrkjegard:** Kyrkjegarden har god kapasitet. Har servicebygg med toalett. Førearbeid til montering av vassmålar er utført.

**Stokkenes kyrkjegard:** Kyrkjegarden har svært god kapasitet. Dette er ein stor gravplass som krev mykje stell og vedlikehald, både benkar, grusgangar og vekstar. Arbeidet med å opprette ein namna minnelund er starta opp. I august 2024 vart søknaden til minnelunden godkjent. Prosjektet vart lagt ut for anbod hausten 2024 og tre entreprenørar melde seg. Gravplassen har eit større verkstadbygg og eit klokketårn med toalett, pauserom og lagerplass. Skog rundt øvre del av gravplassen og ein del tre rundt om på gravplassen har blitt fjerna. Ein har laga nye kompostkassar som blir sett ut etter kvart.

**Eid kyrkjegard:** Kyrkjegarden vert stelt, men er berre i bruk til urnenedsetting. Siste kiste vart sett ned i 2022. Delar av kyrkjegarden er eit freda kulturminne og treng eigen skjøtelsesplan. Gravplassen må leggast inn i Ecclesia (digitalt), og fleire gravsteinar bør fjernast. Vegen gjennom kyrkjegarden må utbetrast.

**Sambraut kyrkjegard:** Kyrkjegarden har grei kapasitet. Klokketårnet vart vaska og delvis mala denne sommaren. Ein har sett ut nye kompostdunkar som skal gjere arbeidet med kompost enklare, samt at all komposten vert samla i kompostbingar på Stokkenes. Det vart saga ned ein hekk mot vest.

**Stårheim Kyrkjegard:** Kyrkjegarden har god kapasitet og har eit servicebygg med toalett og lagerplass. Hekken vart klipt ned og tre fjerna på den nye delen av gravplassen. Det vart også montert ny vasskran. Grusvegen heilt nede med elva vart grusa opp igjen. Servicebygget treng måling.

**Kjølsdalen kyrkjegard:** Kyrkjegarden har grei kapasitet, men ein treng å omregulere dei eldste gravfelte. Soknerådet gjennomførte ein dugnad på kyrkjegarden der dei mellom anna måla flaggstonga, rydda og raka.

**Totland kyrkjegard:** Kyrkjegarden har god kapasitet, men har krevjande jordsmonn. Det er ujamn overflate og mange gravstøtter på skeive. På Kyrkjegarden står det eit servicebygg med toalett og pauserom. Det blei sett opp eit høgt nettinggjerde våren 2024 for å erstatte granhekken som vart fjerna. Det er enno ein del plage med hjort. Det var møte med Statens Vegvesen i høve hjorteproblema og riksvegen hausten 2024. Det vart bestilt nye dører til servicebygget samt montert nytt flaumlys til kyrkja. Det vart greve ny grøft for ny kabel til flaumlyset. Soknerådet har arrangert dugnad på gravplassen. Då vart m.a. flaggstonga måla og blomsterbede mot parkeringa planta i. Det vart skifta toalett og satt inn nye omnar i servicebygget.

**Selje kyrkjegard.** Dette er den gravplassen som har absolutt minst kapasitet på ledige graver sett i høve til folketalet i tilhøyrande sokn. Det er ikkje mogleg å utvide gravplassen med nye gravfelt – så alternativa er enten å klargjere eit av dei eksisterande felta for gjenbruk eller å etablere ny gravplass ein annan stad, til dømes på Flatraket. Ein har starta opp arbeid med å legge om felt D (langs vegen) til nye standardmål. Kyrkjegarden har eit reiskapshus med toalett og lite pauserom. Selje sokneråd arrangerte dugnad der dei rydda kyrkjegarden til påske. Opprydding og fjerning av stein på D-feltet er i gang.

**Leikanger kyrkjegard:** Kyrkjegarden har god kapasitet, men det er problem med vatn i grunnen og med overflatevatn. Kyrkjegarden har fått nytt verkstadbygg/garasje med tre kompostbingar. Stad kystbygg har vore byggmeister. Bygget stod ferdig i desember og opninga vil vere i januar 2025. Det vert måla ferdig sommaren 2025.



**Ervik kyrkjegard:** Delar av gravplassen er eit freda kulturminne, og det er oppretta eige investeringsprosjekt for å sikre kyrkjegarden frå eventuelle erosjonsskadar, samt lage skilt og skjøtselsplan. Dette er eit prosjekt fellesrådet har i samarbeid med kommunen og fylkeskommunen. Det var synfaring med Vestland fylkeskommune i oktober. DK eigedom AS har leigd eit område av parkeringsplassen til minikafeen TÅR. Dette har fungert bra. Vidare er det enno mange utfordringar i Ervik i høve parkeringsplass, mykje turistar, søppelhandtering og bruk av sanitærbygget. Dette har og i år vore drøfta med tilsette i Stad kommune og i Vestland fylkeskommune. Gravplassen har eit sanitærbygg og eit klokketårn. Det har vore utført ein god del vedlikehaldsarbeid på stopulen/klokketårnet, på gjerdet rundt kyrkjegarden og i servicebygget.



Fellesrådet får orientering om Ervik kyrkjegard.  
Foto: Torill Lysberg Heggedal



## KYRKJEBYGG

I Norge står kyrkjene i ei særstilling som kulturminne, og dei utgjer ein sentral del av den norske kulturarven. Dei fortel kulturhistoria vår gjennom 1000 år, og dei syner det ypparste nasjonen har skapt innan arkitektur, kunst og handverk. Kyrkjebygga er ein møtestad for fleire generasjonar kyrkjegjengarar, ein stad der menneske kan søkje Gud og oppleve fellesskap og tilhøyrse.

Fellesrådet har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av åtte kyrkjebygg fordelt på sju sokn. Fire av desse er listeførte, det vil seie at Riksantikvaren ser på desse som kulturhistorisk viktige bygg med nasjonal verdi. Eid kyrkje frå 1849 er eldst, medan Ervik kyrkje frå 1970 er den yngste. I tillegg til 178 forordna gudstenester, konfirmasjonar og dåp, vert kyrkjene brukt til vigslar, gravferd, konsertar, trusopplæringstiltak og andre arrangement. Nokre av kyrkjene er opne for turistar i sommarmånadane og nokre tilbyr og omvising.

Vedlikehald av kyrkjebygg har vore i fokus etter at Kyrkjebevaringsfondet vart oppretta. Kyrkjebevaringsfondet er regjeringa si satsing for å ta vare på Norge sine kulturhistorisk viktige kyrkjer. Regjeringa har sett av 10 milliardar kroner til ei tilskotsordning for kyrkjene, og etter planen skal kyrkjene få årlege midlar på inntil 500 millionar etter ei gradvis opptrapping. Opptrappinga skal sikre at det er nok kapasitet og kompetanse i marknaden for å gjennomføre planlagde prosjekt. I revidert nasjonalbudsjett for 2024 vart det sett av 100 millionar til fondet, medan regjeringa har føreslått 300 millionar for 2025. Vi vonar at Stad kyrkjelege fellesråd kan få noko av desse midlane til renoveringsprosjekt i dei listeførte kyrkjene, med det forutset at kommunen dekkjer 50% av kostnadane. Kyrkjeverje deltok på kurs om dette fondet og korleis ein kan skrive gode søknadar i desember 2024.

I 2024 har og branntryggleik vore i fokus i Stad kyrkjelege fellesråd. Hausten 2024 var det gjennomført ei brannvernrunde med brannvesen i alle kyrkjene. Alle tilsette hadde også ei større brannøving med brannvesen i Totland kyrkje. Takk til Totland sokneråd og Bryggja skule AS som hjalp oss med å fylle kyrkja til brannøving!

### Gjennomførte prosjekt og tiltak i 2024:

**Heggjabygda kyrkje:** Kyrkja er i generelt god stand. Det har vore jobba med å fjerne avvik på det elektriske anlegget. Det vart montert brannvarslingssystem i kyrkja i januar. Kyrkja har røromnar med for høg overflatetemperatur og det er bestemt å ha gitter rundt omnane. Desse har Husevåg blikk laga til. Dei trådlause mikrofonane er bytta ut.

**Eid kyrkje:** Kyrkja er listeført. Kyrkja er i bra stand, men taket i skipet treng ny restaurering. Det har blitt gjort små reperasjonar på taket pga. stein som har blåst av. Det er for høg overflatetemperatur på røromnane og det er difor bestemt at dei skal skiftast ut. Det vart skifta ei kopling til brannslangen i våpenhuset pga. forstskader. Dette er no betre isolert slik det ikkje skal skje igjen. Det har vore jobba



med å få tak i ny projektor fordi den eine vart øydelagt hausten 2024. Det er noko rote på utvendig kledning. Soknerådet samlar inn pengar til nytt lydanlegg i kyrkja. I 2024 feira Eid kyrkje 175 år!

**Stårheim kyrkje:** Kyrkja er listeført. Det har vore mykje problem med brannvarslingsanlegget hausten 2024. Delar av anlegget er difor skifta slik at det skal fungere optimalt. Ein har jobba med å lukke elektriske avvik, så no er det berre røromnane som står att. Kyrkja står for tur i å gjennomgå ei større vøling, og prosjektet skal etter planen ut på anbod i 2025.

**Kjølsdalen kyrkje:** Kyrkja er i god stand. Det blei festa opp att ein stein på taket våren 2024. Elles har det vore jobba med å lukke elektriske avvik. Her står og røromnane att. Det har blitt bestemt å montere vassmålar i kyrkja. Brannvarslingsanlegg skal og på plass.



**Totland kyrkje:** Kyrkja er listeført. Kyrkja er i generell god stand etter totalrenoveringa i 2021. Rullestolrampe og HC-toalett manglar enno. Det blei rydda i kjellaren og fiksa takstein som hadde losna i løpet av vinteren. Det er noko problem med brannvarslingsanlegget. Ein benk som sto i våpenhuset er flytta.


**Leikanger kyrkje:** Prosjekt renovering av Leikanger kyrkje har starta opp med Stårheim Bygg som byggmeister, og mesteparten stod ferdig i 2024. Råte treverk er skifta ut, vindauga er reparerte og nye innvendige glas er på plass. Det eine toalettet er bygd om til HC-toalett. Målinga står att grunna mykje regn. I tillegg er fleire avvik på det elektriske anlegget lukka og brannalarmanlegget er reparert.

**Selje kyrkje.** Kyrkja er listeført. Orgelet i kyrkja treng ei større overhaling, og det er oppretta eit eige investeringsprosjekt for dette. Soknerådet har starta innsamling av midlar til dette prosjektet. Nytt lydanlegg vart innkjøpt og ei takrenne er skifta. Avvik på det elektriske anlegget er lukka. Kyrkja treng HC-toalett. Soknerådet hadde vaskedugnad i april saman med tilsette.

**Ervik Kyrkje:** Kyrkja er i god stand men det måtte også i år gjerast små reperasjonar på taket. Brannslangen har fått dekke og fleire avvik på det elektriske anlegget er lukka. Ei av tårnlukene har fått nye hengsler.



Frå renoveringsarbeidet i Leikanger kyrkje



Nytt HC-toalett er på plass i Leikanger kyrkje

## KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING

**Born og unge har ein sentral plass i kyrkja vår. Vi har som mål å ha gode tilbod til alle alderstrinn og grupper.**



«Plan for kyrkjeleg undervisning og læring» vart vedteken på Kirkemøtet i 2024. Kirkemøtet kom med ein rekke endringsforslag, som no er innarbeidd og vedtekne av Kirkerådet. Ein kan starte med å bruke planen aktivt i det lokale arbeidet.

Trusopplæringsplanane frå Eid, Selje og Totland er samla til Plan for trusopplæringa i Stad. Arbeidet med å få ein felles samla plan for heile kommunen med lokale tilpassingar til dei ulike sokna, er sett i gong. Etter vedtaket i Kirkerådet bør forslag til nye planar vere klare i alle sokna våre før sommaren 2025.

Trusopplæringsarbeidet er finansiert ved årleg tildeling av statlege midlar gjennom bispedømekontora. Desse midlane er ikkje nok til å finansiere både løn til tilsette og materiell til dei ulike tiltaka. Fellesrådet må og ha midlar til trusopplæringa innanfor eige budsjett jf. §14 i Trus- og livssamfunnslova. Resten vert finansiert ved gåver og eigenbetaling.

### Årshjul for trusopplæringa i Eid, Stårheim, Kjølisdalen og Totland

Januar: Utdeling av spisebrikke til 2-åringar, kveldsbønbok til 3-åringar og 4-årsbok.

Februar: Tårnagent for 8-åringane i Eid kyrkje

August: Førsteklasses gudsteneste med utdeling av 6-årsbok.

Oktober: Hausttakkefest med utdeling av bibel til 10-åringane.

Desember: LysVaken for 11-åringar i Eid kyrkje eller Kjølisdalen kyrkje. Juleverkstad 2024 vart lagt til laurdagsgrauten i desember.

August/september-mai: Babysong, laurdagsgraut, kor og konfirmantundervisning har jamlege samlingar.

Dåpssamtaler og dåp skjer gjennom heile året.

I september starta vi med samlingar for fjorårs-konfirmantar i forkant av nattkafeen.

I EID sokn er det også hobbyklubb på Haugen og nabolag-samlingar i Skulevegen.

Frammøte elles:

Babysong på Eid kyrkjetun samlar 12 born frå Eid sokn.

Det er 3 born frå Eid sokn på Soul Children.

Laurdagsgraut på kyrkjetunet samlar om lag 40 personar frå ei fire sokna i indre Stad, der er det måltid og aldersinndelt søndagsskulesamling.

Det vart delt ut spisebrikke til 5 av 40 to-åringar, kveldsbønbok til 2 av 41 tre-åringar og 4-årsbok til 6 av 34.

Vi hadde ikkje ressursar til å halde tårnagent-samling i februar/mars.

Det var 53 av 56 som vart konfirmerte på fire gudstenester i mai.

Reunion i forkant av nattkafeen samlar 6-10 tiandeklassingar.

På førsteklasses-gudstenesta i august var det 16 av 42 som fekk bok.

På hausttakkefesten vart det delt ut teikneseriebibel til 11 av 44 10-åringar.

LysVaken var i Eid kyrkje første helga i advent. Det var 11 av 50 11-åringar frå Eid som deltok, til saman 16 deltakarar.

I STÅRHEIM sokn er det barnekor der omlag 20 barn er innom øvingane, ca. 12 i snitt. Laurdagsgraut på kyrkjetunet samlar om lag 40 personar frå dei fire sokna i indre Stad, der er det måltid og aldersinndelt søndagsskulesamling.

Det kom tre inviterte born frå Stårheim sokn på 2-3-4-gudstenesta i januar.

Vi hadde ikkje ressursar til å halde tårnagent-samling i februar/mars.

Alle våre ti 14-åringar vart konfirmerte i mai.

På førsteklasses-gudstenesta kom 3 av 2 frå Stårheim sokn.

På hausttakkefesten vart det delt ut teikneseriebibel til tre av fem 10-åringar. Dette året var den i lag med Kjølisdalen i kyrkja der.

LysVaken var i Eid kyrkje første helga i advent. Det var 4 av 10 11-åringar frå Stårheim som deltok, til saman 16 deltakarar.

Magni Myklebust hadde julesamling i Stårheim barnehage i desember.

I KJØLSDALEN sokn er det Yngres som samlar 10 born om lag 15 gongar i året.

Laurdagsgraut på kyrkjetunet samlar om lag 40 personar frå dei fire sokna i indre Stad, der er det måltid og aldersinndelt søndagsskulesamling.

Det kom to inviterte born frå Kjølisdalen sokn på 2-3-4-gudstenesta i januar.

Vi hadde ikkje ressursar til å halde tårnagent-samling i februar/mars.

Begge våre to 14-åringar vart konfirmerte i mai.

På førsteklasses-gudstenesta i august kom ingen av dei tre førsteklassingane våre.

På hausttakkefesten vart det delt ut teikneseriebibel til to av fem 10-åringar. Dette året var den i lag med Stårheim sokn i kyrkja der.

LysVaken var i Eid kyrkje første helga i advent. Det var 1 av 8 11-åringar frå Kjølisdalen som deltok, til saman 16 deltakarar.

I TOTLAND er det barneforeining på Bryggja. Der samlast 15-20 born annakvar veke.

Laurdagsgraut på kyrkjetunet samlar om lag 40 personar frå dei fire sokna i indre Stad, der er det måltid og aldersinndelt søndagsskulesamling.

Det kom 4 av 5 inviterte 3-åringar på 2-3-4-gudstenesta i januar.

Vi hadde ikkje ressursar til å halde tårnagent-samling i februar/mars.

Begge våre to 14-åringar vart konfirmerte i mai.

På førsteklasses-gudstenesta i august kom 3 av dei 4 førsteklassingane våre og fekk bok.

På hausttakkefesten vart det delt ut bibel til ein av to 10-åringar.

LysVaken var i Eid kyrkje første helga i advent. Det var ingen deltakarar frå Totland sokn.

### **Årshjul for trusopplæringa i Ervik, Leikanger og Selje**

Januar: LysVaken for 11- og 12-åringar annakvart år i Selje og Ervik/Leikanger

Februar: Krøllegudsteneste der 2- og 3-åringane vert inviterte i alle kyrkjer. Tårnagent for 8- og 9-åringane annakvart år i Selje og Ervik/Leikanger

Juni: Utdeling av 4årsbok og 6årsbok – gjerne som semesteravslutning

Oktober: Hausttakkefest med utdeling av bibel til 10-åringane

August/September-mai: Babysong, kor og konfirmantundervisning har jamlege samlingar.

Dåpssamtaler og dåp skjer gjennom heile året.  
I 2024 var det ingen som møtte på babysong.

I SELJE sokn er det også barnelag i Nordpollen der 22 born 6-13 år møtest annakvar veke.  
Frammøte elles:

LysVaken var i Selje kyrkje dette året. 2 av 22 10-åringar og 3 av 14 11-åringar var med.

På krøllegudstenesta møtte 10 av 28 i målgruppa.

På familiegudstenesta i juni møtte 8 av 13 fire-åringar og 2 av 13 seks-åringar.

Vi hadde planlagt å invitere til juleverkstad, men hadde ikkje ressursar til å gjennomføre.

På hausttakkefesten vart det delt ut teikneseriebibel til 3 av 22 10-åringar. På ein

«kyrkjebursdag» seinare på året, vart det delt ut 8 teikneseriebiblar.

Vi inviterte til «reunion» for fjorårskonfirmantar, her kom 8 av 17.

I LEIKANGER sokn møtte 4 av 12 til krøllegudsteneste.

På familiegudstenesta i juni fekk 2 av 8 4-årsbok og 2 av 6 6-årsbok.

Ein god del born frå Leikanger var i Ervik kyrkje og deltok på påskeverkstad i mars og på juleverkstad i desember.

Tårnagentsamlinga var i Leikanger kyrkje dette året. Der møtte 2 av 10 åtte-åringar og 3 av 8 ni-åringar.

På hausttakkefesten var det 6 av 11 som fekk teikneseriebibel.

Ein frå Leikanger kom på reunion for fjorsårskonfirmantar.

I ERVIK sokn møtte 3 av 6 på krøllegudsteneste.

På familiegudstenesta i juni fekk 2 av 2 fire-åringar kyrkjebok.

Marit Hellan Barmen og Randi Stave Dalsbø laga til påskeverkstad og juleverkstad som samla mange born, både frå Ervik og Leikanger sokn. Det vart delt ut teikneseriebibel til ein ti-åring.

## Konfirmantarbeidet

Det er Eline Sandnes som organiserer konfirmantundervisninga i Stad og har kontakt med heimane. I tillegg til Eline vart konfirmantundervisninga i 2024 gjennomført av dei tre sokneprestane Olaf Sigurd Gundersen, Rune Langseth og Synnøve Aaberg . I 2024 vart 95 konfirmerte i våre kyrkjelydar.



Konfirmantførebuinga har undervisningssamlingar i Eid, Selje og Leikanger kyrkje, og felles konfirmantdag på Selja i april. Frå hausten har dei fleste samlingane i Selje vore på Selje bedehus på grunn av høge kostnader med oppvarming av Selje kyrkje. Konfirmantane deltok Konfirmantfestivalen som er for alle kyrkjekonfirmantane i Nordfjord i Operahuset i oktober. Dette arrangementet er eit samarbeid med KFUK-KFUM og ungdomsteamet frå Bjørgvin bispedøme, samt dei alle lokale konfirmantleiarane i Nordfjord. Alle konfirmantane var og samla til leir på Fjordly i januar. I tillegg har konfirmantane gjennomført Fasteaksjonen i samarbeid med sokneråda og delteke på lysmesser.

## DIAKONI

Diakoni er alt frå den kvardagslege omsorga for naboen til internasjonalt engasjement for klimarettferd og nedkjemping av fattigdom. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.



Nanda Maack, ass. kyrkjeverje og diakonimedarbeidar, har ansvaret for det diakonale arbeidet i Stad kyrkjelege fellesråd. Det har vore systematisk arbeid med å få på plass felles diakoniplan for Stad kyrkjelege fellesråd og diakonimedarbeidaren har besøkt fleire sokneråd og drøfta planen. Ein arbeider og etter den diakonale metoden «*Se-bedømme-handle*». Derfor kan en del av arbeidet gjennomførast utan bestemte planar.

### Gjennomførte tiltak i 2024:

**Diakonisamling på Selje eldretun:** Dette skjer ein gong i månaden der hovudfokus er samvær og kos med kaffimat. Kaffimat vert servert frå kjøkkenet på sjukeheimen og ein frivillig har med ekstra mat. I 2024 gjorde vi ei endring der vi opna for andre en bebuarar å kome. Vi har hatt besøk frå fleire frå sjukeheimen og nokre heimebuande. Det er ca. 20 som møter kvar gang. På kvar samling les diakonimedarbeidar eller ein gjest ord for dagen, og viser en gjenstand som kan være knytt til eit tema. Vi har hatt bingo, quiz og loddtrekning. Vi fekk besøk av Sentrum Spelemannslag ein gong. Vi har hatt trufaste frivillige med på samlingane for å lage god stemning kvar gong.

**Tre kaffien Stadlandet Eldretun:** Sokneråda i Leikanger og Ervik gjekk saman og starta eit tilbod som fekk namnet tre-kaffien. Diakonimedarbeidaren har vore med på fleire av desse samlingane med ulike oppgåver. Det er svært gledeleg når ein får til så godt samarbeid og samskaping. Fellesrådet har tidlegare dekkja utgiftene til mat, men so fekk arrangementet tilskot frå Oklafondet i 2024. Programmet er variert, song og musikk, diktlesing, historier, bingo og gratislodd. Sentrum Spelemannslag har vore med dei fleste gongane. Dette er eit svært populært tilbod som mange heimebuande og nyttar seg av.

**Juleandaktsrunde:** I 2024 besøkte prest, diakonimedarbeidar og organist Seljetunet og heldt juleandakt. Diakonimedarbeidar var og innom Selje eldretun og ønskte god jul.

**Nattkafé i Selje:** Kyrkja inviterte ungdomar i 8.-10. klasse til nattkafé i Selje bedehus. Vi kunne ikkje ha gjort det utan trufaste frivillige som stiller opp gong etter gong. I 2024 har vi samarbeid med frivilligsentralen for få fleire frivillige og foreldre til konfirmantane har meldt seg på dugnad. Målet for nattkafeen er at ungdommen kan kome saman, ha det sosialt, oppleve glede og bli møtt med eit «positivt blick». Vi har ofte aktivitet, leik, spel, sjakkturnering, bingo eller kahoot. Vi har og lett servering som vaflar, tacofredag, pizzasnurrar, kake eller frukt. Dette tilbodet har vore godt teke imot av ungdomane. Vi har

hatt jamt høgt tal besøkande i 2024, det har vore mellom 35-45 kvar gong. Etter nattkaféen får dei tilbod om skyss heim av UKM-midlar, eit tilbod som mange nyttar.

**Nattkafé på Eid:** Det er nattkafé ein gong i månaden på Kyrkjetunet. Vi takkar Martha Haugen for å stille opp gong på gong. Martha har teke på seg ansvar for maten. Innhald og mål for nattkaféen i Eid er det same som for nattkaféen i Selje. Etter nattkaféen får dei tilbod om skyss heim, men det har ikkje vore nytta på Eid. Håvard Furnes har hovudansvaret for nattkaféen på Eid og Nanda Maack er med så ofte som råd. Håvard har og med seg frivillige foreldre.

**Bønesamlingar:** Kvar veke er det bønesamling som er ope for alle i Selje og Eid. I 2024 var dei fleste samlingane i ytre på kyrkjekontoret og på Eid på Eid kyrkjetun.

**Matutdeling i jula/heile året:** 2024 var femte året vi samarbeidde om dett med fleire, blant anna Frivilligsentralen, Røde kors og frivillige frå kyrkjelyden. Ein frå kyrkjelyden strikka til juleglededeprosjektet. I 2023 fekk fellesrådet 10.000 kroner i gåve til juleprosjektet – julegledede frå Nordfjord AS. Dei midlane vart ikkje brukt opp – men kom til nytte i 2023 til innkjøp av gåve og tilrettelagde matkasser. Dei midlane som kom inn i 2023 kunne nyttast i 2024 til juleglededeprosjektet. Det er moglegheit for å støtte menneske heile året med matutdeling i samarbeid med frelsarmeen i Måløy. Vi følgjer planen til frelsarmeen annakvar veke. Det er få som nyttar seg av dette, men viktig å ha tilbodet.

**Andakter på institusjonane:** Prest eller andaktshaldar, frivillige og organistar besøker institusjonar i heile kommunen, kvar onsdag i Eid eller anna kvar i Selje.

**Seniortreff på Betania:** En gang i månaden arrangerer Ralph og Karin Cupper seniortreff i Betania bedehus på Eid. Dette er eit populært tilbod der eldre og andre treffast for åndeleg påfyll, song og inspirasjon. Kvar gong kjem nokon på besøk og held eit lite foredrag, og det er musikalske innslag.



**Samtalar:** Prestar og andre tilsette har gjennomført samtalar med alle som ynskjer det.

**Samtalegruppe:** Samtale gruppe på Totland/Holmely ein gong i månaden.

**Praksis i diakoni:** Diakonimedarbeidar Nanda Maack hadde praksis heile mars i 2024. Arbeidet var utført på Sjukeheimen i Selje - Seljetunet. Rettleiar var prest Mathias Austrheim. Tilbodet vart godt tatt imot av bebuarar og dei tilsette. Denne praksisen førte til betre kjennskap om diakoni og nye kontaktar var stifta. God relasjon er grunnleggande for godt diakonalt arbeid.

**Prøveprosjekt med Trekkspel og diakoni på institusjonar:** Diakonimedarbeidar testa ut prosjekt i lag med Michael Brattås og Asbjørn Nilsen. Der vi lagde mindre samlingar på avdelingane på Seljetunet og eldretunet på Stadlandet og tilbydde å komme på besøk inn på romma til bebuarane. Dette var vellukka prøveprosjekt og vi har tanke om å fortette med dette tilbodet.

**Barnekora på institusjonar:** I praksisperioden til diakonimedarbeidaren hadde barnekora i ytre korøvingane på Seljetunet og eldretunet på Stadlandet. Elles har det blitt fast tradisjon at kora

syng på Seljetunet, eldretunet i Selje og på Stadlandet eldretun siste korøvinga før ferien. Dette har ein og gjort på Eid.

**Besøksteneste Totland sokn:** Ein frivillig tok kontakt med sokneprest i Totland og meldte inn behov for besøksteneste i Totland sokn. Diakonimedarbeidar deltok i arbeidet med å undersøke og førebu. Ein har ikkje lukkast i å halde fram med dette arbeidet.



Glimt frå nattkafeen i Selje



## KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

«Plan for kyrkjemusikk», vedteken i Kyrkjerådet i 2008, understrekar og konkretiserer korleis kyrkjemusikken har ein heilt sentral plass i kyrkjelyden sitt liv. Hovudmålet med Plan for kyrkjemusikk er å styrke og sikre det kyrkjemusikalske livet i kyrkjelydane og kyrkja si formidling av tradisjonell og ny kyrkjemusikk.

Planen kommuniserer retning og mål for det kyrkjemusikalske livet, skaper større medvit hos fleire, og er eit verkemiddel for prioritering av kyrkjemusikk. Plan for kyrkjemusikk er ein rammeplan som gjev kyrkjelydane hjelp til å utarbeide ein lokal plan for kyrkjemusikk.

Kyrkjemusikken ber med seg både eit trusopplæringsperspektiv, eit diakonalt og inkluderande perspektiv, eit kulturelt perspektiv og eit profetisk perspektiv. I den kyrkjemusikalske verksemda er det sju grunnsøyler:

### 1. Gudstenester og kyrkjelege handlingar:

*«Den kristne kyrkja er ei syngande kyrkje. På ein særleg måte har den lutherske kyrkja ein kyrkjemusikalsk arv i form av salmar og songar som blir brukte ved gudstenester og kyrkjelege handlingar. Organistane har eit særleg ansvar for musikken på gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, som gravferd og vigsel.»*

Organistane våre har også dette året gjort gudstenester og kyrkjelege handlingar rike med flott og vakker musikk, i samarbeid med andre, både kor og musikarar. Det er eit eige fond i ytre for bruk av profesjonelle musikarar til gudstenester.

### 2. Korverksemd:

*«Korsongen er ei av dei største frivillige rørselene innanfor kyrkja og er eit kjerneområde i det kyrkjemusikalske livet i soknet.»*

Organistar og andre tilsette er engasjert i fleire kor og grupper i Stad. Det er i 2024 gjennomført:

- Babysong, 0-1 år, i Selje og Eid, ved Eline Sandnes, Asbjørn Eikenes og Magni Myklebust
- Stadt Soul Kids/Children i Leikanger, 1.-10.trinn. Leiarar: Nanda Maack og Jon Inge Sigerland, med hjelp av Dagrund Prestvik og Randi Dalsbø.
- Selje Soul Kids/Children i Selje, 1.-10.trinn. Leiarar: Nanda Maack, Jon Inge Sigerland og Kine Mullen m. fl.
- Eid Soul Kids/Children, 1.-10.trinn, ved Magni Myklebust, Asbjørn Eikenæs m. fl.
- Stårheim barnekor, frå 4 år, ved Reidun Ivesdal og Asbjørn Eikenæs
- Korøving i Eid kyrkje kvar onsdag, leia av kantor Ralph Cupper. Koret har delteke ved fleire gudstenester og er samansett av ein dobbel kvartett.
- Frisk Bris, Selje, deltek som forsongarar på gudstenester, organist Jon Inge Sigerland er fast pianist.
- Prosjektkor frå heile Nordfjord i samband med Seljumannamessa 2024 under leiing av Ralph Cupper

I tillegg er det mange lokale kor og songgrupper rundt om i bygdene våre.

### 3. Heimen:

«Heimen er ein viktig arena for kristen song og musikk. Det er ei oppgåve for kyrkjelyden å oppmuntre og legge til rette for dette, mellom anna med tanke på bordbøn, kveldsbøn og song i heimen, særleg ved festane i kyrkjeåret. Kyrkjemusikaren kan spele ei viktig rolle som inspirator i trusopplæring og i kontakt med foreldre og familiar i samband med korarbeid, ved dåp og konfirmasjon og ved vigsel og gravferd.»

### 4. Skule, barnehage og kulturskule:

«Samarbeidet mellom kyrkja og skular og barnehagar i lokalsamfunnet har ein lang tradisjon og er eit viktig aktivitetsområde i kyrkjelyden. Det kan vere markering av høgtidene, spesielle gudstenester, kyrkjebesøk, "julevandringar"/"kyrkjevandringar" eller deltaking i samlingsstunder. Utforsking av kunst og inventar i kyrkjebygget, ikkje minst orgelet, er eit anna viktig område.»

Skulane og barnehagane i Stad vert inviterte til ulike gudstenester/arrangement gjennom året.

### 5. Institusjon:

«Det er mange som er isolerte frå den kristne fellesskapen grunna alder, sjukdom eller funksjonsnedsetting. Dei er avhengige av andre for å delta. Dette blir rekna inn under kyrkja si diakonale teneste, men kyrkjemusikken har og ei oppgåve her. Musikk og song har ein viktig funksjon for denne gruppa på mange felt. Møte med salmar eller annan kyrkjeleg musikk, som ein viktig del av deira historie, gjev næring til truslivet og gjev og skaper gode minne.»

Organistane våre organiserer og leiar det musikalske arbeidet på andaktene som vert haldne på alle institusjonar for eldre i Stad. Ralph Cupper og andaktsteamet har laga digitale andakter og levert til institusjonane, kvar veke i 2024. Selje Soul Kids/Children har hatt konsert på Selje eldretun og i Seljetunet. Det var og konsert på Hogatunet og Fossevegen bufellesskap ved Ralph Cupper mfl.

### 6. Kyrkja som konsertarena:

«Kyrkjeromma representerer nokre av dei mest attraktive konsertlokala vi har. Mange stader er den lokale kyrkja det einaste eller det beste lokalet for konsertar. Dette er ein stor ressurs for mange kyrkjelydar. Mange menneske finn kvart år vegen til kyrkja i samband med ulike konsertar og andre kulturelle arrangement.»

Det er mange som brukar kyrkjene våre til konsert. Nokre konsertar arrangerer sokneråda, andre aktørar leiger kyrkjene for å halde eigne konsertar. Nokre få glimt frå 2024:



Misery & Company hadde konsert i Heggjabygda-, Kjølsdalen- og Totland kyrkje i april.  
(Foto: Misery & Company)

Ralph Cupper m. fl. heldt orgelkonsertar i Eid kyrkje i sommarhalvåret for turistar og andre.



Komitèen arrangerte konsert med Jon Inge Sigerland, Alice Teunis, Line Dybedal m. fl. i Selje kyrkje i samband med Seljumannamessa 2024.



Alle sokneråda arrangere egne julekonsertar i desember i samarbeid med lokale artistar, kor og korps. Alle konsertane var godt besøkte. Her frå julekonserten i Totland kyrkje 15.12. (Foto: Inger Træen, Fjordenes Tidende).



## 7. Instrument og bemanning:

«Songstemma er kyrkja sitt viktigaste instrument. Det er tradisjon for å støtte songen i gudstenesta med instrumentalmusikk, og då særleg ved hjelp av orgelet. Dei fleste kyrkjebygga i Noreg er utstyrte med pipeorgel. Mange av desse orgla eignar seg også svært godt til konsertbruk. Orgelet har ein tradisjon og ei utbreiing som har gitt det ein sentral plass i kyrkjelyden sitt liv. Det er eit av dei fremste kulturelle varemerka til kyrkja. Alle instrument treng vedlikehald for å fungere godt. For å halde oppe kvaliteten er det nødvendig med ein plan og budsjettmidlar for regelmessig vedlikehald.»

Vi er heldige i Stad som har åtte unike kyrkjer med kvart sitt unike pipeorgel. Dei får ein «service» annan kvart år og vert stemt om dei treng det. Organistane utfører ein del vedlikehald sjølve, elles har vi fast avtale med Mathias Becker.

Vi er og heldige som har tre dyktige organistar, samt fleire andre tilsette, som bidreg til å fremje det kyrkjemusikalske arbeidet i bygdene våre.



Organist Jon Inge Sigerland saman med orgelet i Selje kyrkje. (Foto: Bjørn Erik Drabløs, Fjordenes Tidende)

## GUDSTENESTER OG ANDRE ARRANGEMENT

Gudstenesta er møtepunktet mellom Gud og menneske. Ein samlast til skriftlesing, bøn, nattverd, dåp, song og forkynning. Etter gudstenesta er det ofte kyrkjekaffi. Det er eit mål at alle skal kjenne seg inkludert.

Gudstenestene i 2024 gjekk stort sett etter oppsett gudstenesteplan. Det var 79 døypte, 95 konfirmerte og 19 vigslar i sokna våre. Det vart halde 203 gudstenester der 12120 møtte til gudsteneste, 1878 gjekk til nattverd og sokneråda fekk inn til saman kr 434.078,- i takkoffer. Her kjem nokre glimt frå 2024:

Alle sokna har gjennom året fleire **familiegudstenester** eller **generasjonsgudstenester**, med eller utan utdelingar. Her frå ei familiegudsteneste i Selje kyrkje ved prest Synnøve Aaberg i juni der Selje Soul Children deltok.



**SELJUMANNAMESSE 1000 ÅR**  
5-8. JULI 2024  
PILEGRIMSSENTER SELJE

**VERDISGLAS**  
Jubileumseglas mellom nakkelstadene Selja og Kinn langs Kystpilegrimstoa med mål Atley. Jubileumprogram med historisk foredrag, pilgrimsvandring, versitrev, folkefest og ekskursjonar på stoppestader under seglasen.

- fredag 5. juli: Flore
- laurdag 6. juli: Selje
- søndag 7. juli: Selja og Måley
- måndag 8. juli: Kalvåg og Kinn

**Keltisk pilgrims-konferanse**  
Første ungdomssenter  
5. juli kl. 13:00-15:00  
Foredrag med Graham Booth

**Seljumannamesse**  
Gudsteneste ved biskop Ragnhild Jepsen på Selja kloster søndag 7. juli kl. 12:00  
Konsert i Selje kyrkje laurdag 6. juli kl. 18:00  
Gudsteneste i Kinn kyrkje måndag 8. juli kl. 17:30

Foto: Ulf Rugmøy Amulinen

Seljumannamessekomiteen arrangerte 7.juli **Seljumannamesse** i klosterruinane på øya Selja. Fungerande prost Tore myklebust og fleire prestar i Nordfjord deltok. Organist Jon Inge Sigerland var musikalsk ansvarleg, messingblåsarar deltok og prosjektkoret vart leia av kantor Ralph Cupper. Biskop Ragnhild Jepsen hadde preika og Graham Boot kom med ei helsing.

Seljumannamesse 2024 markerte at det var 1000 år sidan Kristenretten vart innført i Noreg og derav 1000 år med Seljumannamesse. På grunn av dette vart arrangementet utvida i samarbeid med Selje pilegrimssenter og Bjørgvin bispedøme m. fl. Ein kunne delta på Verdiseglas og mange ulike føredrag og aktivitetar frå 5.-8. juli i Kinn, Bremanger og Stad.

Søndag 14.07 arrangerte Ervik sokneråd **Ervikpreika** på Ervik kyrkjegard. Dette er ein fleire hundreår lang tradisjon som er svært populær. Etter preika var det både kyrkjekaffi og foredrag og konsert med Bernt Støylen som tema.



Det har vore arrangert **kveldsgudstenester** på torsdagar ein gong i månaden i Eid kyrkje. Desse gudstenestene har lovsongsteamet vårt og prest Rune Langseth hatt ansvaret for. Kyrkjelyden er glad for at ein har gudstenester med ein litt annan liturgi og meir song.





20.10 var det **jubileumsgudsteneste i Stårheim kyrkje** i samband med at Samlingsheimen på Stårheim feira 100 år. Liturg var sokneprest Olav Sigurd Gundersen medan Atle Dalsbø heldt tale over søndagens tekst. Det var nattverd og fleire musikkinnslag med lokale aktørar.

**Eid kyrkje feira 175 år** med ei flott jubileumsgudsteneste søndag 10.11. Etter gudstenesta var det kyrjekaffi på Kyrkjetunet med diverse program. På biletet ser ein konfirmantane som deltok med song på gudstenesta.



Det vart, som vanleg, halde «**Opa kyrkje**» i Eid- og Selje kyrkje gjennom sommaren med litt hjelp av frivillige som byter på å opne kyrkja om morgonen og låser igjen om kvelden i ferien. Eid kyrkje heldt også ope dei fleste dagane det låg cruisebåt til kai, både før og etter sommarferien. Det vart gjennomført eit prøveprosjekt med å ta inngangsbillettar i Eid kyrkje, noko som fungerte bra. Biletet syner turistar som strøymar til kyrkja. (Foto: Fjordabladet)



Ein tilbyr og **omvising i kyrkjene** våre på bestilling. Ervik kyrkje er særleg populær for turistar og andre besøkjande. (Foto av kyrkja: Ingebjørg Nilsen, Fjordabladet)



## MARKNADSFØRING


### Nettsider

Stad kyrkjelege fellesråd driftar ei nettsida for alle kyrkjelydane i Stad, samt for gravplassforvaltninga. Kalenderen vår på nettsida er framleis er ei viktig kjelde til å halde seg oppdatert på kva tilbod vi har. Nettsidene våre blir og nytta til påmelding av alle dåp og vigslar, så sidene får og ein del besøk i samband med desse hendingane. Til skrivne artiklar har det vore kring 15.000 besøkjande på nettsida vår, [www.stadkyrkje.no](http://www.stadkyrkje.no).

Tilgjengelegheitserklæring for nettsider er eitt av dei nye krava som kom med EU sitt webdirektiv (WAD). Verksemdene som lagar tilgjengelegheitserklæring, må gå gjennom løysingane sine og sjekke status per krav. Ein må lage seg eit grunnlag for kva status ein vil fylle ut i erklæringa. Dette har ein hatt fokus på i 2024.

### Facebook

Kyrkja i Stad er på Facebook, og både fellesrådet og dei sju sokna våre har eigne Facebook-profilar. Kyrkjene i Ervik, leikanger og Selje har ein felles profil i tillegg. På desse sidene legg ein ut ulike arrangement i kyrkjelydane, andre aktuelle saker og lenkjer til saker på nettstaden vår. I desember 2024 vart det laga ein adventskalender med presentasjon av alle våre kyrkjer og gravplassar. Denne var populær.



### Helgefred

Kyrkjebladet Helgefred kjem ut med 4 utgåver kvart år. Dette er eit felles kyrkjelydsblad for alle sokna i Stad, ført som eit eige driftsprosjekt under fellesrådet. Her finn ein informasjon om det som rører seg i kyrkjelydane våre i løpet av året. I redaksjonen sit det ein tilsett, Eline Sandnes, samt representantar frå dei ulike sokneråda. Utgiftene vert dekkja av innsamla midlar som gåver og offer frå sokneråda. Frå 2025 får ein og inntekter frå sponsorar.

### Lokalaviser

Vi er og heldige som har to lokalaviser som dekkjer vårt område, Fjordabladet og Fjordenes Tidende. I desse har vi annonser for alle gudstenestene og nokre andre arrangement. Avisene skriv gjerne om det som skjer i kyrkjelydane og på gravplassane, på eige initiativ eller på initiativ frå oss. Biletet er henta frå ein reportasje i Fjordabladet om Konfirmantfestivalen 2024.



## SAMARBEID MED ANDRE

### Stad kommune

Stad kommune skal jf. Trussamfunnslova og Gravplasslova vere med å finansiere drift av lokalkyrkje og gravplass. Noko av dette driftstilskotet kan ein få gjennom ein tenesteytingsavtale. Stad kyrkjelege fellesråd har eit godt samarbeid med Stad kommune innan løns- og rekneskapsføring, IKT og teknisk avdeling. Tenesteytingsavtalen med kommunen har blitt oppjustert i verdi etter kommunesamanslåinga, men der er behov for ein ny avtale i høve ordlyd. Fellesrådet er godt nøgde med dei tenestene kommunen yter.

Det er også nødvendig med eit tett samarbeid mellom fellesrådet og kommunen for å gjennomføre ulike på prosjekt på gravplassane, som t.d. prosjekta i Ervik og Eid. Tilsette i fellesrådet innan diakoni og ungdomsarbeid har og samarbeidsprosjekt med kommunen. Kyrkjeverje har hatt fleire møter med økonomisjef, økonomimedarbeidar og tilsette på lønsavdelinga. Det har og vore eit møte mellom kyrkjeverje, fellesrådsleiar, kommunedirektør og ordførar i oktober. Kyrkjeverje og fellesrådsleiar har og vore med på kommunestyremøte og møter i finansutvalet.

### Sokneråda

Sokneråda har hatt normal aktivitet dette året. Sokneråda leverer eigne årsmeldingar og rekneskap for si verksemd. Kyrkjeverja følgjer opp sokneråda med råd og rettleiing og deltek på soknerådsmøte ved behov. Det har ikkje vore gjennomført leiarmøte mellom soknerådsleiarane, prost, sokneprest, fellesrådsleiar og kyrkjeverje i 2024, men det har vore kurs for sokneråda i samband med Kyrkjevalet i 2023, både lokalt og felles i Nordfjord. På slutten av fellesrådsmøta har ein og ei uformell runde der sokneråda kan kome med spørsmål til kyrkjeverje.

### Regionalt pilegrimssenter Selje

Regionalt pilegrimssenter Selje og Stad kyrkjelege fellesråd inngjekk i 2021 ein samarbeidsavtale med det føremål å forankre pilegrimssatsinga i Stad kommune. I langtidspanen for pilegrimssatsinga er målet å auke tal vandrarar og styrke verdiskapinga og vidare positiv utvikling langs pilegrimsleia. Eit viktig tiltak for å nå målet er å samarbeide med lokale aktørar som t.d. kyrkjelydane. Denne samarbeidsavtalen er såleis eit viktig steg for å nå målet, og avtalen kan årleg tilpassast kyrkjelydane og Regionalt Pilegrimssenter Selje sin aktivitet. I samband med feiringa av Seljumannamesse 1000 år hadde vi mykje samarbeid med Pilegrimssenteret.



## Gravferdsbyråa

Vi har eit tett og godt samarbeid med gravferdsbyråa i høve gravferder. I vår kommune har vi fire gravferdsbyrå, Fjordferd, Gravferdshjelpa Nordfjord, Hjelmeland Gravferdsbyrå og Nore Begravelsesbyrå.

## Barne- og ungdomsorganisasjonar



Acta – barn og unge i Normisjon er organisasjonen der Soul Children-kora våre er medlemmar. Gjennom dette medlemskapet får kora mykje hjelp støtte og ein blir invitert til å vere med på leiarsamlingar og festivalar der ein får møte andre som er med i Soul Children-kor.

KFUK/KFUM arrangerer kvart år konfirmantfestival for alle konfirmantar i Nordfjord saman med dei tilsette i kyrkja. Arrangementet er i Operahuset Nordfjord i oktober. Dette er eit flott tiltak!



## Bjørgvin bispedømmeråd

Prestane har bispedømmerådet som arbeidsgjevar, men dei har kontorplass og dagleg verke hjå fellesrådet. Fellesrådet vert då definert som hovudbedrift og har ansvar for samordning av HMS-oppgåver i høve lov og føreskrifter. Stad kyrkjelege fellesråd og Bjørgvin bispedøme har inngått ein avtale som regulerer denne samordninga. Ein jobbar no med å utarbeide ansvarsfordeling og samarbeidsrutinar i høve avvik, konflikthandtering, handsaming av klage frå publikum og varslings saker. Vidare samarbeider fellesråd og bispedømmeråd om samlingar for dei tilsette, kurs, fagdagar og mange andre arrangement.



Biskop Ragnhild heldt preika på gudstenesta i høve 1000-årsmarkeringa for Seljumannamesse. Foto: Ragna Sofie Grung Moe.



# ØKONOMI

## Driftsrekneskapen

Rekneskapen for 2024 viser eit budsjett i balanse utan at ein har brukt så mykje av disposisjonsfondet som budsjettet. Viktigaste årsaka til dette er ein auke i driftsinntekter på kr 251 848 samt kr. 66.680 meir i renteinntekter enn budsjettet. Auke i driftsinntekter skuldast m.a. fleire innbetalte festeavgifter, samt sal av lastebil. Driftsutgiftene er omtrent som budsjettet, berre kr. 45.788 meir. Dette skuldast at eigeninnsats i høve investeringsprosjekt ikkje vart ført på desse prosjekta då driftsinntektene for 2024 vart høgare enn budsjettet medan ein ikkje fekk nye investeringsmidlar for 2025.

## Disposisjonsfond

Ved utgangen av 2023 stod det att kr. 1.893.033 på disposisjonsfondet. For å få budsjett 2024 i balanse vart det vedteke bruk av disposisjonsfond på kr. 327.000. Fellesrådet vedtok i 2021 å setje av kr 300.000 av disposisjonsfondet til prosjekt 5012 Kurs- og utdanningsfond for tilsette og fellesrådsmedlemar. Dette vart gjort for å sikre rekruttering og auka kompetanse. Det vart og vedteke å setje av 300.000,- til eit fond for vedlikehald av orgel. Det vart i 2023 brukt kr 71.771 av disposisjonsfondet, knytt til prosjekt 5012, dvs. kr 255.229 mindre enn det som var lagt inn for å få budsjett 2024 i balanse. Vidare vart meirforbruket frå 2023 på kr. 190.664 dekt inn frå disposisjonsfondet. Difor står det ved utgangen av 2024 totalt kr. 1.630.599 på disposisjonsfondet. Av dette står Prosjekt 5012 Kurs- og utdanningsfond att med kr. 38.766.

## Bundne driftsfond

Det står kr 339.125,84 på bundne driftsfond. Av dette utgjer «Helgefred» kr. 0, «Kurs i Nordfjord prosti» kr 6.648,50, «Nattkaféen» kr 89.573,82, «Prostidiakon Nordfjord» kr 20.000,-, «Seljumannamesse» kr 73.533,33, «Profesjonelle musikarar gudstenester» kr 5.458,00 og «Gjevarteneste» kr 84.596,52. Det er også eigne fond for gåver til Ervik-, Leikanger-, Selje-, Totland-, Stårheim- og Eid kyrkje. Til saman står det kr 54.526,79 på desse fonda ved årsskiftet.

## Investeringsrekneskapen og investeringsfond

Ubrukte investeringsmidlar er sett av til ubunde investeringsfond i balanserekneskapen. Ved utgangen av 2024 stod det att kr. 1.389.145 på ubunde investeringsfond. Det vart løyvt kr 3.000.000 i nye investeringsmidlar frå Stad kommune for 2024. Ein har i 2024 totalt brukt kr. 5.332.428 på ulike investeringsprosjekt, hovudsakleg til Leikanger kyrkje og verkstadbygget i Leikanger. Det stod att kr. 27.000 på bunde investeringsfond til prosjekt 1020 Orgel Ervik kyrkje. Dette er ein ubrukt del av gåva som vart gjeve til prosjektet frå Ervik havfiske.

## AVSLUTNING

Vi er godt nøgde med alt ein fekk gjennomføre i 2024 takka vere dyktige tilsette og friviljuge. Gudstenester, kyrkjelege handlingar, trusopplæringstiltak, diakonale tiltak og kyrkjemusikalsk arbeid har blitt gjennomført og nye tiltak har kome på plass. Vi takkar alle friviljuge som støttar opp om arbeidet vårt ved å delta, hjelpe til eller gi gåver!

Gravferder har blitt gjennomført på ein trygg og verdig måte, i tett samarbeid med gravferdsbyrå og pårørande, både i kyrkja og på gravplassane. Kyrkjegardane har vore godt stelte og gitt gode opplevingar for besøkjande. Takk til alle sokneråd og besøkande som er med å halde kyrkjegardane våre fint stelte!

Kyrkjene våre med alt sitt verdifulle inventar og utstyr har blitt godt tekne vare på av kyrkjetenarar, reinhaldarar og organistar, og stått klare til fleire hundre arrangement som gudstenester, konsertar, gravferder, vigslar, dåp, samtalar, vandringar, konfirmantundervisning og besøk av turistar. Takk til alle sokneråd og friviljuge som møter på dugnad for å halde kyrkjene ryddige og reine!

Vi er og takknemlege for ein kommune som er positiv til arbeidet vårt. Fellesrådet vil takke spesielt tilsette ved Økonomi, Personal og kommunikasjon, Kommunalteknikk og Brann, redning og førebygging i Stad kommune for god hjelp og støtte i 2024!

Vi takkar og alle dei andre samarbeidspartane våre for det vi har fått til saman i 2024. Vi ser fram til vidare godt samarbeid i åra som kjem!

Nordfjordeid, 18.03.2024

-----  
Torfinn Myklebust  
-leiar Stad kyrkjelege fellesråd-

-----  
Synnøve Smørdal Wiik  
-kyrkjeverje i Stad-